

VEDLEGG D: Prosess og medverknad

Dokumentet har utfyllande saksopplysningar knytt til prosess og medverknad

Organisering:

Kommunestyret er planmynde og gjer endeleg vedtak om arealdelen til kommuneplanen. Komité for plan og utvikling innstiller til kommunestyret.

Komité for plan og utvikling (KPU), inkl. varamedlemmar, har vore politisk arbeidsgruppe. I starten var arbeidsgruppa delt i tre med ansvar for kvar sine tema. Etter godkjenning av planprogrammet i mars 2013, vart arbeidsgruppene samla til ei politisk arbeidsgruppe. I planprosessen har det vore gjennomført totalt 25 arbeidsmøter med politiske arbeidsgrupper.

Rådmannen ved plan- og utbyggingssjefen har hatt prosjektleiing og sekretærfunksjon.

Prosjektleiinga er lagt til planavdelinga, og tverrfaglege administrative arbeidsgrupper har bidrige inn mot planarbeidet.

Gjennom planprosessen har det vore jamlege orienteringar i kommunestyret om arbeidet med planen.

Politikkutforming

Den politiske arbeidsgruppa hadde ein brei prosess for å få politisk forankring av hovudprinsippa i planarbeidet, før diskusjonane rundt den konkrete arealbruken starta. Overordna kommunal styring har vore eit viktig fokus i rulleringa.

Planprosess:

Planfase	Organ/aktør	Tid	Sak
Fastsetting av hovudmål og organisering	KPU	28.8.2012	114/12
Vedtak om mandat for politiske arbeidsgrupper og framdriftsplan	KPU	18.9.2012	129/12
Godkjenning av planprogram for offentleg ettersyn	KPU	16.10.2012	141/12
Høyring av planprogram		20.10-1.12.2012	
Sluttbehandling av planprogram 1. gong	KPU	12.2.2013	29/12
Sluttbehandling av planprogram 2. gong	KPU	19.2.2013	34/11
Godkjenning av planprogram	Kommunestyret	21.3.2013	27/13
Kunngjering av planprogram		6.4.2013	
Innspelsrunde		6.4-21.5.2013	
Behandling av framlegg til plan, innstilling til KS om offentlig ettersyn	KPU	12.6.2014	70/14
Godkjenning av framlegg til plan for offentlig ettersyn	KS	19.6.2014	62/14
Høyringsperiode		3.7-11.9.2014	
Drøftingssak om Solsvik utmark og Vindeneskvarven	KS	25.9.14	68/14
Drøftingssak om framdrift og innkomne merknader	KPU	22.10.14	131/14

Vedtak om framdrift av prosessen	KPU	4.11.2014	134/14
Orientering om framlegg til plan	KS	28.5.2015	
Behandling av framlegg til plan, innstilling til KS om endelig vedtak	KPU	9.6.2015	
Sluttbehandling av arealdelen til kommuneplanen 2015 – 2027	KS	18.6.2015	

Medverknad:

- Det er gjeve informasjon om planarbeidet på kommunen sine heimesider og via informasjonsskriv til alle husstandane og verksemder.
- Det er halde open kontordag 20. november 2012.
- Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune vart invitert til møte med kommunestyret og administrasjonen i november 2012.
- Planen er drøfta i regionalt planforum 20. oktober 2012 (planprogram) og 29. mai 2014 (planframlegg).
- Det er halde opne temamøter 2013 (bustad og utbyggingsmønster 28.5. og kystkultur og næring 14.5.)
- Ungdommens kommunestyre (UKS) har vore høyringspart, og har koment med merknad til planprogrammet og innspel til planarbeidet våren 2013. Administrasjonen har i tillegg delteke i UKS-møte.
- Det er gjennomført spørjeundersøking om friluftsliv blant alle 10. klassar i Fjell, som del av nærturterreng-kartlegginga 2013.
- Drøftingsmøte om næringsareal, kommunikasjon og areal ved kommunegrensene med nabokommunane i november 2013.
- Dialogmøte med Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune 26.9.2014
- Folkemøte i samband med offentleg høyring av planframlegg i 2014 (Bjørøy skule 27.8., Tellnes skule 1.9., Tranevågen skule 2.9. og Fjell rådhus 4.9.)
- Bruk av digital kartteneste for innspelsrunden 2013 som ledd i medverknadsprosessen.

Utgreiingar:

Utgreiingar er gjort i medhald av føringar i planprogrammet, kap. 6:

- Oversikt over arealreservar i godkjente planar og planar under arbeid.
- Registrering og kartfesting av kommunal eigedom ut i frå kommunal tomtestrategi.
- Utarbeiding av Landskapsanalyse for Fjell kommune.
- Utarbeiding av rapporten Nærturterreng i Fjell, inkludert spørjeundersøking blant 10. klassse.
- Arbeid med plan for kulturminne starta opp 2013. Fase 1 som grunnlag for omsynssoner.
- Det er laga grunnlag for utarbeiding av kart over hellingsgrad.
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse av innspel frå høyringa våren 2013

Lovgrunnlaget

Arealdelen til kommuneplanen 2015-2027 er første rullering i medhald av ny planlov (pbl 2008).

Viktige endringar for kommunal planlegging er omtalt i Planomtalen kap 3.5.

Endring av planlova inneber store endringar i korleis plankartet vert teikna, dette gjeld både kompleksiteten og at arealbruken i alle gjeldande reguleringsplanar er vist (generalisert ut i frå

hovudformål). Dette er ei klar dreiling i retning av å lage planar som må lesast digitalt. Kommunen har for å auke tilgangen og forståing for innhaldet i planen forbetra den digitale karttenesta, som er tilgjengelig på kommunen sine heimesider.

Høyring av planprogrammet

Planprogrammet låg ute til høyring i perioden 20.10 -1.12.2012. Det kom inn totalt 31 merknadar til planprogrammet. Desse var frå privatpersonar, utbyggingsinteresser, lag og organisasjonar, regionale mynder og nabokommunar. 21 av merknadane var frå private interesser, og gjaldt ny arealbruk. Elles omhandla merknadane plangrep, utbyggingstakt- og utbyggingsmønster, strategiar for å skapa/oppretthalda levande grender og behov for fellestiltak ved sjø.


Offentlege styresmakter tok opp overordna føringar, utbyggingsmønster, senterstruktur og samordna areal- og transportplanlegging. Fylkesmannen viste til at Fjell kommune må vere budd på å ta sin del av veksten i Bergensregionen.

Eit samandrag av innspela til planprogrammet, saman med faglege vurderingar frå administrasjonen, vart drøfta og gjennomgått av dei politiske arbeidsgruppene januar 2013.



Rullering av kommuneplanen sin arealdel

mai 2013



Korleis kan eg medverke i planarbeidet?

- No er vi i fase II der kommunen utformar planen.
- Du kan sende innspel til planarbeidet innan 21. mai.
- Bruk skjemaet som du finn på heimesida til kommunen:

www.fjell.kommune.no

Der vert det gjort greie for kva informasjon kommunen treng for å vurdere innspellet ditt. For at innspellet skal vurderast må det sendast innan fristen. Alle innspel vil bli vurderte opp mot mål og tema i vedteke planprogram.

Kommunen har ei målsetting om å informere og engasjere innbyggjarane i planarbeidet for den framtidige utviklinga av Fjell.

Vi håper derfor at du set deg inn i føringane for planarbeidet og bidreg med konstruktive innspel.

Kva føringar er det for planarbeidet?

På heimesidene til kommunen www.fjell.kommune.no/KPA, finn du informasjon om planarbeidet. Her kan du også skrive ut planprogrammet som gjer greie for mål med planarbeidet, planprosess og medverknad.

Spørsmål?

Spørsmål kan sendast til:

postmottak@fjell.kommune.no

Har du ikkje tilgang på internett eller berre har spørsmål, er du velkommen til å ta kontakt med kommunen på telefon
55 09 60 00

**Frist for innspel:
21. mai 2013**

Sjå baksida for meir informasjon



Kva er arealplanen?

Ein overordna, bindande plan for arealbruken i kommunen. Planen viser korleis kommunen skal utviklast; kva areal det kan byggjast på, og kvar det ikkje kan byggjast. Ein arealplan skal gjelde for 12 år, men vurderingane må sjåast i eit lengre perspektiv.

Fjell kommunestyre har vedteke å rullere arealdelen til kommuneplanen, som vart godkjent i april 2011.

Kva er planprogram?

Kommunestyret vedtok planprogrammet 21. mars 2013 og avslutta med det fase I. Planprogrammet og frist for innspel vart kunngjort i pressa 6. april. Planprogrammet ligg tilgjengelig for gjennomlesing i servicetorget, på Fjell folkeboksamling og heimesidene til kommunen.

Det er fastsett tre tema for planarbeidet:

- **Bustad og utbyggingsmønster**
- **Næring**
- **Kystkultur**

Vedtekne planar for teknisk infrastruktur som veg, vassforsyning og avlaup er presisert som eit grunnprinsipp for vurdering av innspel i rulleringa

Framdrift?

Rullering av arealdelen til kommuneplanen inneber grundige vurderingar i eit heilskapleg perspektiv, og det er mange ulike problemstillingar som skal drøftast. Det betyr at eit slikt planarbeid må ta tid. Målsettinga er vedteken plan hausten 2014.


Innspela er ein del av kunnskapsinnehentinga, og vil vera del av grunnlaget for vurderingane og utarbeidninga av planframlegget.

Planframlegget vil bli lagt ut til offentlig ettersyn.



Rullering av kommuneplanen sin arealdel

november 2012



Høyring av planprogrammet vart kunngjort 20.10.12.

Programmet er lagt ut på kommunen sine nettsider, i Rådhuset og på Fjell folkeboksamling på Straume. Sjå: www.fjell.kommune.no/KPA

Høyringsfrist er 1. desember 2012

I høyringa av planprogrammet ber ein om synspunkt på dei tema planprogrammet omfattar. Det vil seie synspunkt på føremål og føresetnader rulleringa, planprosess og medverknad. Det vert understreka at framlegg til ny arealbruk ikkje er tema her.
Dette vil kome i fase 2.

Komit  for plan og utvikling (KPU) har peika ut tre hovudtema for rulleringa:

- 1) Busetnad og utbyggingsm nster
- 2) N ring
- 3) Kystkultur

Teknisk infrastruktur som veg, vassforsyning og avlaup, er presisert som eit grunnprinsipp i rulleringa.

Etter at høyringsperioden er over skal kommunestyret ta stilling til innspela og vedta planprogrammet og det skal vera styrande for utarbeiding av arealplanen.



Jan Arthur Nilssen, leiar for Komit  for plan og utvikling

Rullering av kommuneplanen sin arealdel er noko av det viktigaste og mest omfattande Fjell sine folkevalde skal arbeide med i denne valperioden.

Resultatet vil vedkome innbyggjarar og tilreisande, n ringsdrivande og nabokommunar. Det vert difor lagt opp til brei medverknad i heile planprosessen.

Vi er no i fyrste fase i rulleringa. I denne fasen jobbar vi med planprogrammet og sender derfor ut eit informasjonsskriv som vi h par vil   gje deg n dvendig informasjon og svar p  nokre av sp rsm  l  dine.

Du er hjarteteleg velkommen til   m te folkevalde og administrasjonen i Fjell p  open kontordag p  Fjell folkeboksamling, Straume.

Open kontordag:

**Du er velkommen til   ta turen
innom Fjell folkeboksamling:**

Tysdag 20. november

**Tidsrom: vi er der fr  kl 14.00 til
kl 18.00**



Kva er rullering av kommuneplanen?

Ein arealplan skal gjelde for ein periode på minimum 12 år. Kommunestyret skal ein gong i kvar valperiode sjå om det er behov for endringar av gjeldande arealplan. Mindre endringar vert kalla revisjon, **større endringar rullering**.

Kommuneplanprosessen er delt inn i to hovudfasar:

1. utarbeiding av planprogram
2. utarbeiding av sjølve arealplanen – kommuneplanen sin arealdel.

Dette informasjonsskrivet gjeld fase 1.

Planprogrammet vert utarbeida som første fase i rulleringa. Programmet skal gjere greie for korleis og kva ein skal arbeide med i fase to. Føremålet med planarbeidet, planprosess, medverknad og behov for utgreiingar skal gjerast klart i planprogrammet.

Kommuneplanen sin arealdel, er ein overordna, bindande arealplan for arealbruken i kommunen. Planen er eit kart som viser korleis kommunen skal utviklast; kva areal det kan byggjast på og kvar det ikkje kan byggjast. Arealplanen er saman med føresegne juridisk bindande.

Medverknad er avgjerande for å lage ein god arealplan som kan fungere som styringsverktøy for samfunnsutviklinga i Fjell. Form for medverknad vil variere i dei ulike fasane av planprosessen, men kan både vera dokument som er på høyring (offentlig ettersyn), eller ulike møteformer som t.d. temamøte, folkemøte.

Kommunen ønskjer å invitere til ein for oss ny form for medverknad som vert kalla **open kontordag**. Det vil sei at den 20. november mellom kl 14.00 og 18.00 vil det vera mogleg å møte dei som jobbar med kommuneplanen sin arealdel i kommunen, både folkevalde og administrasjonen. Vi ønskjer med dette å koma i kontakt med innbyggjarane og skape eit rom for dialog om den vidare utviklinga av Fjell.

Lov og forskrifter

Det er plan- og bygningslova som er utgangspunktet for denne prosessen. Lova sikrar mellom anna medverknad og likebehandling. I tillegg til kommunale interesser og oppgåver skal regionale og nasjonale mål verte ivaretatt gjennom arealplanlegging.

Sjå: www.fjell.kommune.no/KPA

